



Statens vegvesen

Referat

Dato: 04.07.2011
Tid: 0900 – 1100
Referent: Kjell Grønsberg

Gjennomgang planprosess E6 Nordkjosbotn - Hatteng

Stad/tid: Vollan Gjestestove, måndag, den 04. juli kl. 0900-1100
Deltakarar: Gunda Johansen, Hanne Bråthen, John Egil Ottosen, Torbjørn Naimak, Stein Johansen, Kjell Grønsberg

Møtet kom i stand etter initiativ frå regionvegsejefen, der formålet var gjennomgang av planarbeidet i begge kommunar.

Innleiing

Med bakgrunn i situasjonen som har oppstått i Balsfjord og nytt forslag til trasè i Storfjord holdt Torbjørn Naimak innleiing om NTP og korleis dei ulike prosjekta i regionen ligg “i løypa” for utløyising av midlar i perioden 2014-2019. Forseinkingar i eit prosjekt medfører at midlane blir utløyist seinare i perioden, eller vert flytt over til neste NTP-periode.

Balsfjord

Det vart referert kort til møtet den 24. juni med Balsfjord kommune, Fylkesmannen, NVE og Statens vegvesen ifht. varsel om motsegn for vedtatt alt. 2. Naimak ser det vanskeleg å planlegga vidare etter vedtatt alt. 2 slik saka har utvikla seg. Vegvesenet vil avvanta kommunen sin behandling av spørsmålet i september. Eventuell vidare saksgang og utfall vart drøfta i møte den 24. juni.

I møtet vart det lagt fram ortofoto med innteikna linje etter alt. 3. Vegvesenet informerte om at linja på delar av strekninga kan leggst ved sida av dagens E6 for å sikra god samleveg og adkomst til eigedomane. Ordføraren kommenterte at det ville bli store inngrep og negativ oppleving for bebuarar som då vil få to parallelle vegar nært. Vegvesenet ser dette og er følgeleg opptatt med å leggja høva best mogleg til rette for lokale behov, og ivareta øvrige grunneigarrettar ved eventuell utbygging.

Vegvesenet sender merknadane med tilråding frå planprogram E6 Nordkjosbotn – Storfjord grense til behandling i kommunestyret i september.

Postadresse
Statens vegvesen
Region nord
Nordstrandveien 41
8002 Bodø

Telefon 06 64 0
Telefaks 75 55 29 51
firmapost-nord@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Killenqreensgt. 6
Tromsø

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordvn 18
9815 VADSØ
Telefon 78 94 15 50
Telefaks 78 95 33 52

Øvrige kommentarar

Ordføraren informerte kort om reguleringsplan for Nordkjosbotn Sør som er lagt ut på høyring. Vegvesenet vil gje tilbakemelding på føreslåtte kryss og påkopling til stamvegen i høyringsperioden.

Det vart orientert kort om reguleringsplan E8 Nordkjosbotn-Jernberg.

Storfjord

Regionvegsejefen er skeptisk til det nye forslaget av fleire grunnar, og vil krevje utarbeiding av ny kommunedelplan viss kommunen ynskjer trasèen vidare vurdert. Dette for å få ein meir heilheitleg og fullgod samanlikning av begge alternativ. Utarbeiding av ny kommunedelplan vil medføra at prosjektet blir forseinka med fleire nye år og følgeleg nedprioritering i NTP.

Med tanke på at E6 Nordkjosbotn-Hatteng er omfatta av eit prosjekt og ein bevilgning, vil vegvesenet ikkje tilrå at kommunen går vekk frå gjeldande kommunedelplan.

Ordføraren og plan- og næringssejefen støttar dette og er innstilt på å planlegga etter vedtatt linje. Kommunen kommenterte behov for visse justeringar av linja i området etter kryssing av Sigaldalselva, noko vegvesenet vil vurdere under arbeidet med reguleringsplanen.

Vegvesenet sender merknadane med tilråding frå planprogram E6 Balsfjord grense – Hatteng til behandling i kommunestyret i august/september.

Øvrige kommentarar

Ordføraren tok opp lokale behov for gang- og sykkelveg gjennom Oteren og rundkøyning på Hatteng. Vegvesenet er informert om desse sakene.